

AVTALE
Om
Brannførebyggjande arbeid inngått mellom kommunane
Austrheim, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Solund, Radøy og Fedje

Kommunane er i høve til:

- Lov 2002-06-14 nr. 20: Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvernets redningsoppgaver (brann og eksplosjonsvernloven)
- Forskrift av 26. juni 2002 nr 847 om brannførebyggjande tiltak og tilsyn (Forebyggendeforskriften, FOBTOT) og
- Forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskrifta)

pålagde å gjennomføra oppgåver av brannførebyggjande og kontrollerande art, samt sikre at brannvernet er organisert og bemanna med personell som har tilstrekkeleg kompetanse i høve til dei brannførebyggjande oppgåvene.

0. FØREMÅL

Kommunane Austrheim, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Solund og Radøy har inngått denne avtalen om samarbeid for å utføre lovpålagde brannførebyggjande oppgåver i dei 8 kommunane

1. VIRKEOMRÅDE

- 1.1 Kommunane skal ha felles brannførebyggjande avdeling. Brannordningane i kommunane har forutsett samarbeid mellom kommunane for å løyse dei brannførebyggjande oppgåvene.
- 1.2 Brannførebyggjande avdeling skal leiast av ein avdelingsleiar.
- 1.3 Brannførebyggjande avdeling skal utføre branntilsyn i høve "brann og eksplosjonsvernloven" §13, andre ledd, i dei bygningar og anlegg som den enkelte kommune har vedteke i medhald av "brann og eksplosjonsvernloven" §13, første ledd. Branntilsynet skal utførast som fastsett i "forebyggendeforskriften" (FOBTOT)
- 1.4 **KAP. 6. Tilsyn**
- 1.5 Brannførebyggjande avdeling skal gjennomføre motivasjon -og informasjonstiltak i høve "brann og eksplosjonsvernloven" §11 a), samt "forebyggendeforskriften" (FOBTOT) §5-3.
- 1.6 Brannførebyggjande avdeling kan gje råd ved brannteknisk vurdering av §13 bygg for bygningsstyremaktene i kommunane.
- 1.7 Den førebyggjande avdelinga skal ha eigen logo og heita: Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB)

2. ORGANISERING OG DIMENSJONERING

2.1

Krav organisering og dimensjonering i regionen: (Kvar kommune for seg)

Kommune	Folketal (2003)	Personell årsverk		
		Tilsyn	Leiing	Sum
Fedje	577	0,06	0,03	0,09
Meland	6965	0,7	0,35	1,05
Lindås	14639	1,45	0,73	2,18
Austrheim	2791	0,28	0,14	0,42
Masfjorden	1675	0,17	0,08	0,25
Modalen	372	0,04	0,02	0,06
Gulen	2318	0,23	0,12	0,35
Solund	867	0,09	0,05	0,14
Radøy	4928	0,49	0,25	0,74
SUM	31031	3,51	1,17	4,68

4,68 årsverk

Krav med felles førebyggjande avdeling:

	Folketal	Tilsyn	Leiing	Sum
Samla NGIB Pr 01.10.11 - 35132		3,5	1,00	4,5

1,5 årsverk

- 2.2 Lindås kommune oppretter 4 heiltidsstillingar (4 årsverk) og tilset:
 - Ein avdelingsleiar i heil stilling for brannførebyggjande avdeling.
 Avdelingsleiaren skal oppfylle kvalifikasjonane i "dimensjoneringsforskrifta" § 7-9.
 - 3 personar i heile stillingar, som skal oppfylle kvalifikasjonane i "dimensjoneringsforskrifta" § 7-6
- 2.3 Lindås kommune har arbeidsgjevaransvaret, føretek tilsetjing og fastset løn for dei fire tilsette. Brannsjefane i samarbeidet har uttalerett ved tilsetjinga. Dei 4 tilsette føl Lindås kommune sitt personalreglement.
- 2.4 Kvar kommune skal ha tilsett sin eigen brannsjef i høve "brann og eksplosjonsvernloven" §9 og "dimensjoneringsforskrifta" § 2-5. Brannsjefen i Lindås kommune i samarbeid med dei andre brannsjefane er administrativ leiar for brannførebyggjande avdeling.

3. BRANNFAGLEG MYNDE

- 3.1 Brannfagleg mynde skal utøvast av kommunestyret og brannsjefen i den enkelte kommune.
- 3.2 Kommunestyret kan delegere sin mynde til kommunal nemnd eller Rådmannen. Rådmannen kan delegere sin mynde til Brannsjefen. Brannsjefane kan ikkje delegere sin mynde til leiar for brannførebyggjande avdeling.

4. KOSTNADSFORDELING

- 4.1 Kostnadande vert delt i høve folketalet, og vert justert kvart år pr. 01.01. Pr 01.01.12 er fordelinga slik.

Meland	19.8 %
Lindås	41.7 %
Masfjorden	4,8 %
Modalen	1,1 %
Austrheim	7,9 %
Fedje	1,6 %
Gulen	6,6 %
Solund	2,5 %
<u>Radøy</u>	<u>14,0 %</u>
Sum	100,00 %

Summen skal betalast til Lindås kommune i to rater den 01.04 og 01.10 kvart år.

5. AVTALETID

- 5.1 Avtalen gjeld frå 01.01.2012
- 5.2 Denne avtalen gjeld for 3-tre år med automatisk lenging for 3-tre år om gongen. Kvar av partane kan sei opp avtalen med 1 års varsel ved utgongen av ein 3-tre årsperiode.
- 5.3 Kvar av partane kan krevje reforhandling av avtalen i avtaleperioden med minst 6-seks månaders varsel.
- 5.4 Eksisterande avtale frå 01.01.04 mellom Austrheim, Gulen, Masfjorden, Modalen Lindås og Meland Radøy og Solund kommunar er gjeldande inntil denne avtalen er underskrevet av alle partane.


6. TVIST


Eventuell tvist skal avgjerast med voldgift, der kvar av partane oppnemner sin representant, og med lensmannen i Lindås og Meland som voldgiftsdommar.

7. **GODKJENNING**


For at denne avtalen skal gjelda, må den bli vedteken i kommunestyra i alle dei 9 kommunestyra, og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) må godkjenne den.

Godkjent i Solund kommunestyre dato 5/3-12 sak nr. 12/23.....
Godkjent i Fedje Kommunestyre dato 7/6-11 sak nr. 11/333.....
Godkjent i Radøy kommunestyre dato 26/1-12 sak nr. 12/80.....
Godkjent i Meland kommunestyre dato 8/2-12 sak nr. 12/24.....
Godkjent i Gulen kommunestyre dato 29/3-12 sak nr. 022/12.....
Godkjent i Modalen kommunestyre dato 16/2-12 sak nr. 007/12.....
Godkjent i Masfjorden kommunestyre dato 29/3-12 sak nr. 025/12.....
Godkjent i Austrheim kommunestyre dato 1/2-12 sak nr. 009/12.....
Godkjent i Lindås kommunestyre dato 9/2-12 sak nr. 12/12.....



Ordfører
Solund kommune



Ordfører
Radøy kommune



Ordfører
Meland kommune


Ordfører
Gulen kommune


Ordfører
Modalen kommune


Ordfører
Masfjorden kommune


Ordfører
Austrheim kommune


Ordfører
Lindås kommune


Ordfører
Fedje Kommune

Denne avtalen er godkjent av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) i brev av dato..... sak nr.....



NGIB
FØREBYGGJANDE AVD
BRANNVERN

Postadresse:
Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDAL STØ
Besøksadresse:
Kvassnesvegen 32
Telefon 56375000

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	M 81
- 4. 01. 2013	
Ark. saknr.	Løpnr.
2011/1396	
Saksb.	Tilgjengel.
ARE	

Fedje kommune
Stormarkvegen 49
5947 Fedje

21.12.2012

v/ Ordfører Kristin Handeland

Signering av avtale om brannførebyggjande tenester

Sender som avtalt avtalen for interkommunalt samarbeid for brannførebyggjande tenester.

Vær vennleg og signer avtalen og returner snarast til:

NGIB Førebyggjande avdeling

Dokumentsenteret, Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Med venleg helsing

Cathrine Lie
NGIB Brannførebyggjande avdeling